

---

Vår referanse 2020/39901-4  
Dato 06.03.2020

---

KVINNHERAD KOMMUNE  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

## Høyring av endring med mindre prosess av reguleringsplan for Lundshagen planID 20080007 - Kvinnherad kommune

Syner til brev motteke 10.02.2020. Saka gjeld endring med mindre prosesser av reguleringsplan for Lundshagen - planID.: 20080007. Endringa gjeld revisjon av trafikkareal i kart og føresegner i Buavika og Skitnavika, Kvinnherad kommune.

### Våre merknadar

**Oppsummering:** Vestland fylkeskommune tilrår kommunen å ta ut i frå planen areal avsett til småbåthamn/naust (N4) og tilhøyrande parkeringsplassar (o\_SPP2 og o\_SSP1 ). Årsaka er at det ikkje er nok areal til å etablere gode nok parkeringsplassar, og summen av alt som er regulert i området skapar komplekst trafikktilhøve, som kan føre til trafikkfarlege situasjonar.

- Buavika: Parkeringsplassane o\_SPP2 og o\_SSP1 er ikkje utforma godt nok. Dei manglar definerte tilkomstar og det er ikkje avsett nok areal til å snu inne på parkeringsområdet. Det sistenemnte gjer at bilar må rygge ut frå parkeringsplassane og inn på gang- og sykkelvegen. O\_SPP2 er også regulert i siktsona til tilgrensande avkøyrsla.

Summen av busshaldeplassen, gang- og sykkelvegen, parkeringsplassen, avkøyrsla frå fylkesvegen og tilkomsten til Seimshagen (som også skal fungere som snarveg for bebuarar i Seimshagen), skapar ein kompleks trafikksituasjon. Parkeringsplassar som ikkje er utforma godt nok har ein tydeleg trafikksikkerheitsrisiko.

Parkeringsplassane vil auke trafikktalet i avkøyrsla og kan verta nytta utover sin funksjon for dei som skal til småbåthamn/naust. Til dømes som pendlarparkering og gjesteparkering for bebuarar i Seimshagen. Det er vidare trafikkfarleg at mjuke trafikantar må krysse fv. 500, mellom småbåthamna og parkeringa.

Syner til Statens vegvesen sin merknad i e-post 03.07.2019: «*Det må gjerast ei vurdering av behov for parkeringsplassar til framtidig småbåthamn/naust. Dersom det ikkje er nok areal til parkering på grunn av ny tilkomstløysing, og det ikkje er mogleg å etablere anna parkering innan høvelig avstand, må småbåthamn/naust takast ut av reguleringsplan*». Etableringa av den nye tilkomsten til Seimshagen gjer at det ikkje er mogleg å byggje gode nok parkeringsplassar som ivaretek trafikktryggleiken for harde og mjuke trafikantar, og trafikktilhøvet i området vert komplekst og uoversiktleg. Parkeringsplassen bør også ligge på same side av fv. 500 som småbåthamn/naust, for å hindre kryssing av fv. 500. **På bakgrunn av ovannemnte informasjon tilrår me at kommunen tar ut i frå planen areal avsett til småbåthamn/naust (N4) og parkeringsplassane o\_SPP2 og o\_SSP1 (sjå figur under).**

